



Karen Løfall Wåge foran Kvinnherad Rådhus. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Talet på gjestedøgn i Sunnhordland-regionen auka frå 31.649 i 2004 til 50.422 i 2007. Det opplyste reiselivskoordinator Karen Løfall Wåge då ho ga formannskapet ein orientering om oppgåvene sine torsdag.

Ho hadde ikkje full oversikt over turist-trafikken denne sommaren, men det har vore godt besøk I Rosendal har gått 22.000 gjennom døra på turistkontoret på Skålakaien.

Dette er det mest besøkte turistkontoret i regionen og det er tre tilsette der i sesongen i tillegg til Karen Løfall Wåge. Opningstida er frå 1. mai til 12. september.

Koordinatoren er delvis utleigd til Samarbeidsrådet for Sunnhordland og jobbar for dei i vinterhalvåret. Men det er folk som ber om opplysningar heile året, ikkje minst journalistar.

Karen Løfall Wåge demonstrerte for politikarane den eksplosive utvikling som det har vore med nettet som hjelpemiddel. Ikkje minst henta ho fram Google som døme, mellom anna nøkkelopplysningar om Uskedalen som reisemål.

Av Ola Matti Mathisen